



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 145  
Pb 7310  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:  
2010/226077-019

Dykkar referanse:  
13/510-160

Vår dato:  
03.12.2014

### Statens vegvesen sine innspel og vesentlege merknadar til Rullering av kommuneplanen Voss 2015 - 2026

Viser til Voss kommune sin kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel, som er ute til offentlig ettersyn.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

I samband med vår uttale til kommuneplanen for Voss set me særleg fokus på trafikktryggleik, miljøomsyn (spesielt støy og støv) og utbetring, ombygging og nybygging av riks- og fylkesvegar. «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (sept. 2014)» blir lagt til grunn. Både av omsyn til trafikktryggleik, eit godt miljø og gode forhold for vegsystemet er avstand frå bygd areal til vegen vesentleg, og Statens vegvesen er glade for å sjå at Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest er nemnt og er lagt som ei føring for arealplanarbeidet i kommunen.

Statens vegvesen er i gang med førebuande arbeid for kommunedelplan for ny/utbetring av eksisterande E16 frå Sleen til Åsbrekke. Dette må det takast særskild omsyn til i kommuneplanssamanheng. I løpet av første halvdel av 2015 er det planlagt at det skal meldast oppstart av dette kommunedelplanarbeidet.

I samband med vegprosjekt er Statens vegvesen sjølv sagt også opptekne av område for masseplassering. Utbetring av eksisterande og bygging av nye veganlegg skapar i mange tilfelle eit masseoverskot. Det er viktig at Voss kommune, i sitt kommuneplanarbeid, jobbar for å finne eigna område for masseplassering. Statens vegvesen kan ikkje sjå at det i kommuneplanen er sett av areal til dette føremålet.

I det vidare har Statens vegvesen merka sine kommentarar med *kursiv* skrift.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

**Generelt:**

Planperioden er 2015-2026. Visjon i eit 30 års perspektiv er «Voss – bygd for sterke opplevingar». Overordna mål for planperioden (12 års perspektiv) er «Voss skal vidareutviklast som eit sterkt og attraktivt regionsenter».

**Samfunnsdel:**

- **Visjon og overordna mål vil kommunen oppnå gjennom å satsa på m.a bustadtilbod, konkurransedyktige og trygge samferdsletilbod, kultur- og fritidstilbod, sikrings- og beredskapsarbeid m.m. Det er eit mål for kommunen å auke folketalet. Tilrettelegging ved å auke tilgangen på sentrumsnære bustadar er eit av tiltaka i denne kommuneplanen. Elles ynskjer kommunen i hovudsak å lokalisera bustadareal til område med eksisterande infrastruktur.**

*Dette er i samsvar med nasjonal politikk for samordning av areal, bustad og transport.*

- **Pkt 2.7. og 13. Samferdsle.**

*Statens vegvesen er i gang med førebuarande arbeid for kommunedelplan for ny/utbetring av eksisterande E16 frå Sleen til Åsbrekke. Etter Statens vegvesen sitt syn bør også dette med i Voss kommune sin omtale av Samferdsle i kapittelet Ytre planføresetnader.*

**Arealdel:**

Fokusområde ved denne rulleringa er bustadtomter og moglege område for råstoffutvinning.

**Føresegnene:**

- **Kap 3.5 Føresegner for LNF-område der spreidd bygging av fritidsbustader er tillete. I pkt 5 står at planen ikkje skal vera til hinder for bygging av mindre tilbygg til bustad.**

*Me reknar med at det her skal stå fritidsbustad og at dette vert retta opp.*

- **Kap 4 pkt 4.2 omhandlar støy, og set krav til både plassering og gjennomføring av tiltak i samsvar med føreliggjande reglar.**

*Statens vegvesen er glad for å sjå at støy er spesielt nemnt i kommuneplanen då dette er eit vesentleg tema i samband med gode forhold for m.a bumiljø.*

**Retningslinjer:**

- **Kap 6 pkt 6.2 omtalar mål om å redusere biltrafikken i sentrum og å leggja betre til rette for gåande og syklande, m.a gjennom ein aktiv parkeringspolitikk som set fokus på parkering i utkantane av sentrum.**

*Dette stemmer godt over eins med dei føringane Statens vegvesen gjennom «Vossapakko» har for sitt arbeid med tiltak på den delen av E16 som vert liggjande igjen i sentrum etter opning av Vangstunnelen. Her er ein føresetnad om at tiltak på E16 i sentrum skal gjera at det er betre/raskare å køyra Vangstunnelen ved gjennomkøyning.*

- **Kap 6 pkt 6.6 som gjeld parkeringsdekning står det at det ved ny utbygging skal leggast til rette for sykkelparkering.**

*Dette er i samsvar med nasjonal målsetting om auka bruk av sykkel som transportmiddel.*

#### Ny arealbruk:

- **Områda FT1, FT2 og FT7 er sett av til ulike byggeareal.**

*Alle desse areala ligg i området mellom Sleen og Åsbrekke og kan vera potensielle konfliktpunkt for framføring av ny /utbetring av eksisterande E16. Førebuande arbeid for kommunedelplan for E16 er i gang, og Statens vegvesen meiner at alle desse 3 områda må takast ut av kommuneplanen i denne omgang.*

- **I pkt 7.3 Område Palmafossen er det lagt inn ynskje om rundkøyning som løysing for kryss mellom Rv. 13 og fv. 307.**

*Frå Statens vegvesen si side er det, jf. Nasjonal Transportplan med handlingsprogram, ikkje teke stilling til ei evt utbetring av dette krysset. Alternativ kryssløysing vert ikkje vurdert før den dagen det vert aktuelt å planleggja utbetring av dette krysset.*

- **Område Melsvatnet (N2) er sett av til næringsføremål.**

*Statens vegvesen har kommentarar til område N2 som næringsareal då dette ligg både tett inntil og inn i areal der planar for utbetring/ny E16 ligg. Her må tydelege føringar/krav om gjennomføring av tiltak med ved utarbeiding av reguleringsplan. Det er tiltakshavar/drivar av næringsarealet som er ansvarleg for aktuelle krav.*

- **Område Raaberget (N27) og (B11) er sett av til framtidig næringsareal og bustadareal.**

*Delar av næringsarealet ligg inn i reguleringsplan for Tvildemoen der det er bandlagt område for kryssutbetring. Statens vegvesen ber om at den delen av område N27 som ligg inn i det bandlagte området vert trekt ut. Detaljane kring kryssløysing inkludert løysing for dei mjuke trafikantane er ikkje utarbeidd. Det er her sett krav om rekkefølge. Det er tiltakshavar/-havarar for næring/bustad som må utbetra krysset med Rv. 13 før områda for næring og/eller bustad kan takast i bruk. Dette må også inkludera løysing for dei mjuke trafikantane. Statens vegvesen skal vera ein samarbeidspart i planprosessen for kryssløysing, og det er me som skal godkjenna planane for krysset.*

- **Nye areal for næring, råstoffutvinning og bustadar på Gjernes.**

*Statens vegvesen meiner Voss kommune bør krevje utbyggingsavtale for all utbygging langs fv. 311 mot Gjernes der det gjennom denne avtalen vert sett av midlar til trafikktryggingstiltak.*

- **Nye byggeområde langs fv. 310 Bordalsvegen.**

*Statens vegvesen meiner Voss kommune bør krevje utbyggingsavtale for all utbygging langs fv. 310 oppover Bordalen der det gjennom denne avtalen vert sett av midlar til trafikktryggingstiltak.*

- **Område Løno (R1) er sett av for råstoffutvinning.**

*Statens vegvesen føreset at også tilkomst frå E16 skal løysast gjennom reguleringsplanen.*

- **Område Flatlandsmo (FT3) er campingplass.**

*Statens vegvesen føreset at også forholda for tilkomst frå Rv. 13 vert ein del av reguleringsplanarbeidet for Flatlandsmo camping.*

- **Område Opeland (B3) er sett av for 4-5 nye bustadhus.**

*Statens vegvesen minner om at det i dette området kan vera utfordringar med omsyn til tilkomst frå fylkesvegen.*

- **Område Gjelle (B9) er tenkt for 6-8 bustadtomter.**

*Statens vegvesen vil her minna om at fv. 311 er smal, og langs mykje av vegen er det såpass bratt på sidene at det gjev utfordringar med tilkomst til t.d bustadar.*

- **Område Haugateigen (B12) er sett av for 3 bustadtomter.**

*Statens vegvesen føreset at det ved utbygging her vert inngått avtale om innbetaling av midlar som skal gå til trafikktryggleikstiltak.*

- **Område Istadosen (B17) er sett av til bustadområde.**

*Statens vegvesen vil peika på at dersom dette området skal takast i bruk til bustadføremål så må tiltakshavar/utbygger syta for trafikktrygg skuleveg. Trafikktrygg skuleveg må vera ein del av reguleringsplanen der det også vert sett rekkefølgekrav i føresegnene.*

- **Område Opelandsmarka (B35) er sett av til 50 nye bustadtomter. Det er sett krav om reguleringsplan der m.a trygg skuleveg skal vera eit tema.**

*Statens vegvesen minner om at tilkomst til fv. 306 ikkje er like enkel over alt, og dette må også inngå i reguleringa.*

- **Område Ringheim (B57) er sett av til bustadføremål. Området ligg tett inntil eksisterande bustad, tett inntil areal sett av til ny tilkomstveg til Bavallen, og forholdsvis nært til tunnelmunning for Vangstunnelen.**

*Statens vegvesen ser i utgangspunktet positivt på at det er ønske om tett bustadbygging i eit område som allereie er mykje utbygd. Me ser likevel at nærleiken til ny veg til Bavallen og nærleiken til tunnelmunning kan gje store utfordringar, då spesielt med omsyn til støv, støy og evt noko avgassar frå tunnel. Statens vegvesen vil difor tilrå at område B57 vert teke ut av planen.*

- **Område Ringheim 2 (B58) er også sett av til bustadtomter. Det er i strid med reguleringsplan for ny tilkomstveg til Bavallen. Dette området ligg endå tettare inn på tunnelmunning, og det vil ha vegar med stor trafikk på alle sider utan mot nord.**

*Her vert store utfordringar både med omsyn til støv, støv og avgassar frå tunnel. Statens vegvesen set krav om at område B58 vert trekt ut av planen.*

- **Alle byggeområde langs fv. 307 oppover Raundalen.**

*Statens vegvesen minner om at dette er eit område med stor helgeutfart. Vegen er smal, bratt og med dårleg kurvatur. Statens vegvesen er glad for å sjå at kommunen stiller rekkefølgekrav i høve deltaking i betre veg i Raundalen.*

- **Område Hemre (F6) er avsett til 2 hyttetomter.**

*Dette området ligg opp på sørsida av Oppheimsvatnet. Det er usikkert om dette området kan koma i konflikt med aktuelle trasear for ny E16 mellom Sleen og Åsbrekke. Statens vegvesen vil difor tilrå at område F6 vert trekt ut av kommuneplanen i denne omgang.*

- **Område Solnutane (F29) er sett av til fritidsbusetnad med inntil 100 nye hytter.**

*Statens vegvesen minner om at dette er meir enn fv. 307 toler. Det er bra at kommunen stiller rekkefølgekrav om deltaking i utbetring av fylkesvegen.*

- **Plan for hovudnett for sykkel i Voss kommune er eit vedlegg til kommuneplanen. Det står spesielt at denne bør vera eit grunnlag for å setje av nødvendig areal for å utvikle samanhengande sykkelvegnett og eit reiskap for framtidige prioriteringar.**

*Statens vegvesen ser det som svært viktig at Voss kommune set fokus på tilrettelegging for syklistar i samsvar med Nasjonal sykkelstrategi 2014-2023.*


### **Konklusjon:**

*Statens vegvesen har vesentlege merknadar til område B58, FT1, FT2 og FT 7, og kan ikkje godta at desse vert liggjande inne i kommuneplanen sin arealdel. B58 må ut av planen då dette ligg særleg utsett til med omsyn til støv, støv og avgassar frå E16. FT1, FT2 og FT7 må ut av planen i denne omgang. Årsaka til dette er at det vert sett i gang arbeid med kommunedelplan for E16 mellom Sleen og Åsbrekke. Dei nemnte områda kan vera potensielle konfliktpunkt for framføring av ny E16/utbetring av eksisterande E16.*



*Område B57 og F6 vert tilrådd tatt ut av kommuneplanen. B57 kan vera særleg utsett for støy, støv og avgassar frå E16. For område F6 er det usikkert om dette kan vera eit konfliktpunkt i samband med planlegging av ny E16 mellom Sleen og Åsbrekke.*

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing



Carl Erik Nielsen  
Seksjonssjef



Hilde Gunn Stenseth

Kopi: Voss kommune.  
Hordaland fylkeskommune.